



Tysseland Arkitektur AS
Valkendorfsgt 9
5012 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/596 - 14/2835

Saksbehandlar:

Reidun Iden Lædre

reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:

26.02.2014

Godkjenning - dispensasjon frå rekkjefølgjekrav i reguleringsplanen for Mjåtveitmarka, gnr. 22, bnr. 94.

Administrativt vedtak. Saknr: 23/2014

Saksutgreiing:

Meland kommune har motteke søknad, dagsett 05.02.2014, om dispensasjon frå krav om rekkjefølgje knytt til reguleringsplan for Mjåtveitmarka. Søknaden er grunngeven med at Nærmiljøanlegg F5 er forseinka i høve til planlagt framdrift på grunn av grunntilhøve og no også konkurs i Walde. Søkjar opplyser at det er opparbeidd nærleikeplass på B28. Leikeplassen er ferdig grusa og med leikeapparat. Planting vil bli utført til våren.

Vurdering:

Same type søknad har vore fremja, handsama og godkjent tidlegare under gjennomføring av dette planområdet. Søknaden gjeld utsetting av og ikkje fritak frå kravet om ferdigstilling av nærleikeområde, nemnd som F5 i plandokumenta.

Meland kommune har i skriv frå Waldegruppen, dagsett 03.10.2013, fått oversyn over arbeid som står att. Etter konkursen i Walde har dette arbeidet stoppa opp. Kommunen såg på det tidspunkt at den grove opparbeidinga nærma seg slutten og at dette gjev rom for at bustaden kan takast i bruk før område F5 er fullt ut opp opparbeida. Tiltakshavar har i tillegg opparbeidd nærleikeplass på B28.

Vedtak

«Meland kommune viser til søknad, dagsett 05.02.2014, om dispensasjon frå krav om rekkjefølgje frå reguleringsplan for Mjåtveitmarka. Søknaden vert godkjent på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen er mellombels.
2. Det vert ikkje gjeve ferdigattest for bustaden før nærmiljøanlegg F5 er ferdig opparbeidd.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 19-3.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.»

Vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Plan, utbygging og kommunalteknikk

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Kopi til:

Fredrik Seliussen

Mjåtveitmarka 79 5918
A

FREKHAUG

Mottakere:

Tysseland Arkitektur AS

Valkendorfsgt 9 5012

BERGEN